

**Jobbnorge ID:** 230054

**Deadline:** 8/28/2022

**Website:** <http://www.bufdir.no>

**Scope:** Fulltime

**Duration:** Permanent

Vil du jobba med kommunikasjon for eit viktig samfunnsoppdrag?

## Kommunikasjonsrådgjevar

### Om stillinga og arbeidsstaden

Vi søker etter ein engasjert rådgjevar med høg kompetanse på formidling av tekst og bilete til ein fast 100 % stilling som kommunikasjonsrådgjevar (rådgjevar/seniorrådgjevar).

Bufetat sin visjon og samfunnsoppdrag er vekst og utvikling for barn, ungdom og familiar. Me bruker kommunikasjon aktivt for å støtta opp under denne visjonen.

Kommunikasjonsavdelinga har ansvar for tekst, bilete og film til våre nettsider og sosiale media. Vi lagar og koordinerer kampanjar for fosterheimstenesta og familievern, og vi bistår med mediekontakt og internkommunikasjon.

I tillegg til regionleiinga og staben på regionkontoret jobbar avdelinga saman med våre tenester i Vestland og Rogaland, som fosterheimstenesta, barnevernsinstitusjonane, statlege hjelpetiltak og familievernet. Vi har og samarbeid med kolleger i andre regionar og Bufdir.

Me søker etter ein engasjert rådgjevar med høg kompetanse på kommunikasjon og mediearbeid. Du må ha solid erfaring og interesse for formidling med digitale verktøy.

Avdelinga femnar om tre personar, inkludert deg. Me held til i moderne lokaler på regionkontoret i Solheimsviken i Bergen.

### Arbeidsoppgåver

- Produsere tekst, bilete og film til regionen sine digitale kanalar (nettsider, sosiale media, nyheitsbrev etc.).
- Utvikling, forvaltning og publisering på regionen si intranettside og internettsider for fosterheimsrekruttering, barnevernsinstitusjonar og familievernet.
- Medverke til idéutvikling, planlegging og gjennomføring av prosjekt knytt til internkommunikasjon.
- Ta del i kontakt med media.
- Lage presentasjonar.
- Hjelp til med andre oppgåver på avdelinga.

### Kva slags bakgrunn har du?

#### Utdanning og erfaring

- Høgare utdanning (bachelornivå, eventuelt master) i kommunikasjon, journalistikk eller marknadsføring. Annan relevant utdanning kan vurderast.
- Solid erfaring frå å skriva og ta bilete til ulike digitale plattformer, inkludert nettsider og sosiale media. Det vil vera ein fordel med erfaring frå arbeid med film/video.
- Erfaring med journalistikk og mediekontakt, anten som journalist, kommunikasjonsrådgjevar eller liknande.

#### Personlege eigenskapar

- Du jobbar sjølvstendig, strukturert og med god framdrift i eige arbeid.
- Du er oppdatert og interessert i ny kunnskap innan kommunikasjonsfaget, deriblant nye verktøy.
- Du evner å veksle mellom ulike oppgåver, både langsiktige oppgåver og hasteoppdrag som krev at du jobbar litt fleire timar i periodar.
- Du er initiativrik, kreativ og med vilje og evne til å prøva ut nye idéar.
- Særs god skriftleg og munnleg framstillingsevne.
- Gode samarbeidsevner og kommunikasjonsferdigheiter vil verta tillagt stor vekt.

### Kva får du hos oss?

- Stillinga er plassert i statleg lønsregulativ i stillingskode 1434 som rådgjevar, p.t. kr 501 200 - 636 700 pr. år (ltr. 54 - 68). For spesielt godt kvalifiserte søkjarar kan lønn som seniorrådgjevar verta vurdert, i stillingskode 1364, kr 573 900 - 677 000 pr. år (ltr. 62 - 71).
- Medlemskap i Statens pensjonskasse jf. Lov om Statens pensjonskasse, som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om boliglån til konkurransedyktige vilkår, samt yrkesskade- og gruppelivsforsikring.

Vi har eit godt arbeidsmiljø på regionkontoret. Me samarbeider også godt med kommunikasjonsfolk i andre regionar og i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og reklamebyrå som Bufetat har rammeavtale med.

## Opplysningar til deg som søker

- Inkludering og mangfald er ei styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. Difor ynskjer vi oss medarbeidarar med ulike kompetansar, fagkombinasjonar, livserfaringar og perspektiv. Har du funksjonsnedsetting, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, oppfordrar vi deg som søker til å krysse av i jobbsøkjjarportalen. Er det kvalifiserte søkarar, kallar vi inn minst ein i kvar gruppe til intervju, og får du jobben, legg vi til rette for deg om du treng det. Utanom å velje ut riktige kandidatar brukar vi ikkje avkryssingane til noko anna enn anonymisert statistikk.
- Stillinga er p.t. lagt til Kommunikasjonsavdelinga.
- Du kan be om å ikkje bli oppført på den offentlege søkerlista. Dette må i så fall begrunnast. Vi kontakter deg dersom ønsket ditt ikkje takast til følge.

## Kontaktinformasjon

Dersom du ønskjer meir informasjon om stillinga kan du ta kontakt med kommunikasjonssjef Trond Nygard-Sture, [trond.nygard-sture@bufetat.no](mailto:trond.nygard-sture@bufetat.no), tlf. 46 61 89 52.

Søknad med CV skal sendast elektronisk via link på denne sida.

Vitnemål og attester med bekrefta stillingsstorleik og varigheit skal takast med ved eit eventuelt intervju.

## Om Bufetat

Barne-, ungdoms- og familieetatens fem regionar har som hovudoppgåve å drifte og drive etaten sine institusjonar og familievernkontor. I tillegg har regionane ansvar for fosterheimsrekruttering og oppgåver knytt til adopsjon. Barn, unge og familiane deira skal få riktig hjelp til rett tid uansett kvar dei bur i Noreg. Bufetat sine fem regionar rapporterer til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), som er underlagd Barne- og familiedepartementet.

Bufetat, region vest femnar om fylka Vestland og Rogaland. Regionkontoret ligg i Bergen.

## Additional information

### Place of service:

Bufetat, region vest sitt regionkontor i Bergen 5058 Bergen (Bergen Municipality)